

Tabell 2-k

Innbyggjartilskot til kommunane (kap. 571, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gitt ei særskild fordeling er trekt ut, jf. kolonne 7 i tabell C-k). Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den enkelte kommune vil derfor ikkje vere klar før i februar 2015. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom kommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2013. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2014.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løying på kap. 571, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-k) er trekte frå. Løyvinga på kap. 571, post 60 er om lag 116 470 mill. kroner. Av dette blir om lag 619,5 mill. kroner gitt med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle kommunane. For 2014 er innbyggjartilskotet før omfordeling 22 816 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er nærmere dokumentert i tabell A-k.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av saker med særskild fordeling i 2014. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er nærmere dokumentert i tabell C-k.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga

Kolonne 4 viser samla løyve på kap. 571, post 60 i 2014, før berekning av inntektsgarantiordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2014, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansiering av ordninga. Berekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-k.

Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga

Kolonne 6 viser samla løying på kap. 571, post 60 i 2014, i alt 116 470 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-k, kolonne 1.